




SYKKYLVEN KOMMUNE
KOMMUNEDELPLAN FOR
SENTRUM - IKORNNES
2019-2029

PlanID15282017004
Vedtak 16.12.2019

Planomtale



INNHALD

Innhald	3
1 Bakgrunn for planarbeidet.....	5
2 Kommunale mål	6
3 Nasjonale og regional føringar	7
4 Medverknad	8
5 Utfordringar og viktige problemstillingar.....	9
5.1 Folketalsutvikling	9
5.2 Arealbehov	10
5.3 Samferdsel	13
5.4 Kulturminne	13
5.5 Natur/friluftsliv	13
5.6 Landbruk.....	14
5.7 Sjøområde, strandsone og vassdrag	14
6 Utfordringar knytt til gjennomgåande perspektiv.....	15
6.1 God folkehelse.....	15
6.2 Trygge lokalsamfunn	15
6.3 Gode oppveksttilhøve.....	15
6.4 Tilgjenge for alle.....	15
6.5 Klima og miljø	16
7 Om planforslaget	17
7.1 Hovudgrep i planforslaget	17
7.2 Utbyggingsområde.....	17
7.2.1 Bustad.....	17
7.2.2 Fritidsbebyggelse	18
7.2.3 Sentrumsavgrensing	18
7.2.4 Offentleg og privat tenesteyting	20
7.2.5 Næring	20
7.3 Samferdsel.....	20
7.4 Grønnstruktur.....	21
7.5 Landbruks-, natur- og friluftsmål	22
7.6 Universell utforming.....	22
7.7 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.....	22
7.8 Samfunnstryggleik	23
7.9 Naturmangfald	23
7.10 Folkehelse	24
7.11 Barn og unge	24
7.12 Omsynssoner (PBL § 11-8).....	25
7.13 Arealrekneskap.....	25
8 Samfunnstryggleik.....	26
8.1 Verksemdsrisiko.....	26
8.2 Naturrisiko	27
8.3 Ustabil grunn.....	27
8.4 Stormflo.....	29
8.5 Skredfare	29
8.6 Flodbølgeoppskylling	29
8.7 Flaumfare.....	30
8.8 Sårbare objekt.....	32
8.9 Beredskapstiltak	33
8.10 Støy.....	34

1 Bakgrunn for planarbeidet

Kommunestyret vedtok i planstrategi for 2012-2016 (Kst-sak 5/12) å starte rullering av Kommunedelplan sentrum - Ikornnes i 2017.

NU vedtok planprogram og planoppstart den 4.9.2017 (sak 65/17). Justert planprogram etter høyring vart vedtatt 20.11.2017 (sak 85/17).

Kommunedelplan for utvida sentrumsområde vart sist vedtatt i 2010, for perioden 2009-2020. Planen var utarbeida etter gamal plan- og bygningslov (PBL 1985). Det er behov for oppdatering av planen til ny plan- og bygningslov.

Det er behov for tilpassing og samordning av delplanen til kommuneplanen, arealdelen frå 2013 og ny Kommunedelplan for Straumgjerde vedtatt i 2017. Samordna regelverk for heile kommunen gir auka forutsigbarhet og forenkler plansituasjonen for alle partar.

Plan- og bygningslova (PBL)


PBL § 11-1 «Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel og arealdel.»

PBL § 11-5 «Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk (....) Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det framgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnede planer for arealbruk er ivarettatt.»

Kommune(del)planens arealdel er juridisk bindande (PBL § 11-6). I område der det ikkje ligg føre eller er stilt krav om reguleringsplan (jf. § 12-1 andre ledd), skal kommuneplanens arealdel fylgjast ved behandling av søknad om tiltak etter PBL § 20-1 første ledd.

Planområdet

Planområdet omfattar tettstaden områda frå Aursneset til Tjøneset og Ikornnes . Planområdet er utvida noko mot sør og aust i forhold til planen frå 2010 for å få ein meir heilskapleg plansituasjon for sentrumsområdet.



2 Kommunale mål

SAMFUNNSPLAN FOR SYKKYLVEN

Planen skal legge til rette for utvikling av kommunen i samsvar med mål og prioriteringar nedfelt i samfunnsplan for Sykkylven – Skaparglede (2011-2025):

- Gode og varierte bumiljø i heile kommunen.
 - Sikre gode tomtetilbod i heile kommunen
 - Skape bumiljø som stimulerer til god folkehelse
 - Skape eit trygt samfunn
- Gode møteplassar, trivsel og friske folk.
- Tilrettelegging for eit aktivt næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar til innbyggjarane.

Gjeldande plan er laga etter gamal plan- og bygningslov, og har både ei kartframstilling og føresegner som ikkje tilfredsstiller krava i dagens plan- og bygningslov. Samordning med kommuneplan og delplanar etter dagens planlov er viktig for å skape likt regelverk og like rammevilkår i heile kommunen.

KOMMUNALE TEMAPLANAR:

- Kommunedelplan for klima og energi (2010)
- Bustadsosial handlingsplan (2016)
- Landbruksplan (2016)

GRUNNLAGSDATA

- Barnetrakk-kartlegging (2014) – ny kartlegging 2017/18
- ROS-analyse – revidert 2017
- NVE – skredfarekartlegging Sykkylven (2015)
- Kartlegging av biologisk mangfald (2011)
- Kjerneområde landbruk (2007) – revidert 2017
- Kartlegging og verdsetting av friluftsområde (2017/18)
- Folkehelseoversikt for Sykkylven kommune (2018)

3 Nasjonale og regional føringar

Gjennom forventningsdokumentet *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* (2015) peikar regjeringa på ein del omsyn kommunane bør legge særleg vekt på i si planlegging for å gjennomføre nasjonal politikk.

Regjeringa forventar at kommunane har eit særleg fokus på:

- gode og effektive planprosessar,
- berekraftig areal- og samfunnsutvikling og
- attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområder.

Forventningsdokumentet er ikkje uttømmende for alle oppgåver og omsyn kommunane skal ivareta etter plan- og bygningslova.

Føringar for lokal arealplanlegging framgår elles av ei rekke andre statlege og regionale dokument, til dømes (lista er ikkje uttømmende):

- Rikspolitiske retningslinjer (RPR), Barn og planlegging
- Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Miljøverndepartementet, rundskriv T-4/96: Planlegging og ressursutnytting i kystsona.
- Miljøverndepartementet, rundskriv T-5/99 B: Tilgjenge for alle
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap: Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging.
- Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen.
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2012)
- Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv
- Statens vegvesen, Møre og Romsdal, rammeplan for avkjørsler
- Møre og Romsdal fylkeskommune:

Fylkesplan 2013 – 2016

Regional delplan for kulturminne

Regional delplan for attraktive byar og tettstadar

Regional delplan for klima og energi

Regional delplan for folkehelse

4 Medverknad

Planprosess

04.09.2017	Vedtak Kunngjering oppstart og planprogram. Høring planprogram høyringsfrist: 28.01.2016
04.10.2017	Folkemøte
20.11.2017	Vedtak planprogram
Vår 2018 Utarbeide planforslag	Utarbeide grunnlagsmateriale: Barnetrakk – barneskulane og ungdomsskulen Møte med råd for funksjonshemma, eldreråd og ungdomsråd. Kartlegging og verdisetting av friluftsområder. Kjerneområde landbruk - revidering Utarbeide folkehelseoversikt for Sykkylven
August 2018	Politisk handsaming. Vedtak om utlegging til høring.
Sept/okt 2018	Høring min 6 veker.
Nov 2018 - feb 2019	Handsaming innkomne merknadar.
4.3.2019	Politisk handsaming av merknadar. Dersom ingen vesentlege endringar eller motsegner kan planen vedtakast i kommunestyret.
April/mai 2019	2.høring.
28.aug 2019	NU handsamar merknadar etter 2.høring.
15.11.2019	Drøftingsmøte med fylkesmann og fylkeskommune
10.12.2019	NU handsamar drøftingsresultat
16.12.2019	Kommunestyret, slutthandsaming

Innleiingsvis vart det oppretta ei administrativ arbeidsgruppe frå plan, miljø, landbruk, folkehelse og barnerepresentant.

Planprosessen fram til 1.gangs handsaming er gjennomført i samsvar med vedtatt planprogrammet .

Medverknad skal sikre god informasjon om planarbeidet, og gi alle som ynskjer det høve til å påverke arbeidet.

Kommunen har varsla oppstart av planarbeid i lokal avis, på heimeside og kommunal facebookside. Det er gjennomført folkemøte med informasjon om plan og prosess.

Ved barneskulane er det gjennomført barnetrakk-kartlegging der dei eldste klassane har deltatt i planarbeidet. Innspel frå elevane er nytta som kunnskapsgrunnlag ved konsekvensvurdering av byggeområde.

Arbeidet har fungert som ei oppdatering av barnetrakk-kartlegginga frå 2014. Borna har gitt sine innspel uavhengig av gjeldande reguleringsplanar.

Metoden gir kunnskap og synspunkt frå barn samtidig som dei lærer om planprosessar.

Eleva ved Sykkylven vidaregåande skule har hatt kommunedelplanen som case.

Råd og utval har hatt eigne orienteringar ved planoppstart om planprogram, innhald og prosess. Eigne høyringsmøte vert gjennomført med råda.

5 Utfordringar og viktige problemstillingar

5.1 Folketalsutvikling

Folketalet i Sykkylven auka svakt frå årtusenskiftet fram til 2014, deretter flata det ut og har siste åra vist ein svak nedgang.

Kommunen er i aukande grad avhengig av at nye innbyggjarar flyttar til kommunen.

Prognoser for framtidig utvikling vert utarbeida av Statistisk sentralbyrå. Framskrivingane er basert på vurdert utvikling innan fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og innvandring. Høg, middels og låg vekst er tre hovudmodellar.

Kommunane vert anbefalt å bruke middel-alternativ i planlegginga.

Middelalternativet viser ein nedgang i folketalet frå 7695 personar i 2018 til 7219 i 2030, altså ein nedgang på 476 personar.




Dei andre alternativa viser heller ikkje vekst i folketalet for Sykkylven kommune fram til 2030.

Alderssamansettinga vil også endre seg. Fram mot 2030 vil talet eldre auke monaleg, medan yngre aldersgrupper vil minke.

Endringane kan få store konsekvensar for både næringsliv og kommunale tenester.

Saman med den generelle samfunnsutviklinga, tilseier endringane auke i hushald med ein eller to personar.

Utviklinga vil venteleg gi eit endra bustadbehov i åra framover. Mindre husvære, fleire leilegheiter, sentral plassering nær tenestetilbod, butikkar og kollektivtrafikk er generelle trendar. I Sykkylven betyr det auka fokus på sentrumsnære byggeareal, fortetting og høgare utnyttingsgrad.



5.2 Arealbehov

5.2.1 Bustad

Attraktive tomter er eitt av fleire virkemiddel for å legge til rette for ei utvikling i kommunen som kan motverke prognosen for folketalsutvikling.

I dag er litt over 70% av bustadmassen i kommunen innanfor planområdet. Ut frå generelle samfunnsendringar, og i samsvar med statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, kan ein forvente at ein større del av framtidig auke vil kome innanfor planområdet. Planforslaget tar høgde for at talet kan auke til kring 80%.

Bustadmassen i Sykkylven er tradisjonelt mykje einebustadar. Over tid ser ein at det vert fleire rekkehus, fleirmannsbustadar og leilegheiter.


Endringa samsvarar med generelle samfunnsendringar med fleire 1- og 2-personshushaldningar, fleire som ynskjer å bu sentralt, eldre som flyttar i leilegheit, mm.

Bustadmasse etter type	2006		2017	
	Tal	%	Tal	%
Einebustad	2559	74	2648	72
Rekke, fleirmannsbustad, mm	649	19	751	20
Leilegheit, blokk	84	2	129	4
Andre	175	5	144	4
	3467	100	3672	100

Bustadbygginga har variert mykje over tid, og har vist ein minkande trend sidan år 2000.

Frå 2015 har det likevel vore ein liten auke, trass i at ein i same perioden har hatt ein svak nedgang i folketalet.

Ut frå tilgjengelege tal og eit sterkt behov for å legge til rette for auka busetting, meiner kommunen at det minimum bør vere tilgjengeleg areal for 25 bueiningar pr år.



Det vert tatt høgde for at om lag 80% av nybygging kan skje innanfor planområdet. Med 12 års planhorisont gir det **behov for 240 nye bueiningar innanfor planområdet fram til 2030.**

Arealbehovet fordeler seg ulikt på ulike bustadtypar. Fordelinga mellom ulike bustadtypar har endra seg noko over tid. I planforslaget er det føresett at denne utviklinga held fram, med færre einebustadar og fleire meir kompakte buformer (leilegheiter, fleirmannsbustadar). Det er vanskeleg å berekne kor sterkt denne utviklinga vil halde fram. Ut frå gjeldande statleg politikk og generelle samfunnsendringar, legg vi til grunn at denne tendensen vil utvikle seg noko raskare enn før. Antatt andel einebustadar innanfor planområdet i 2030 vert sett til 65%.

Bustadtypar	2006 %	2017 %	2030 %	Tal bu- einingar	Areal pr bueining da	Areal- behov da
Einebustad	74	72	65	156	1,0	156
Rekke, fleirmannsbustad, mm	19	20	23	55	0,5	28
Leilegheit, blokk	2	4	10	24	0,3	7
Andre	5	4	2	5	0,5	2
Sum	100	100	100			193

Planforslaget legg til grunn eit arealbehov på 193 da bustadareal for planperioden.

Dette kan dekkast gjennom bruk av arealreserve i gjeldande plan og utlegging av nye byggeareal.

5.2.2 Arealreserve i gjeldande plan (2010)

Gjeldande plan inneheld mykje unytta byggeareal, delvis nytt i samband med rulleringa i 2010, og delvis frå rulleringa før dette (1997/2000). I planprosessen er grunneigarar av unytta byggeareal kontakta med spørsmål om aktuell bruk mm. Grunnane for at areal ikkje er tatt i bruk er mange. Fleire uttrykker ønske om å ta areala i bruk. På Ikornnes-sida er det håp om at bortfall av bompenger på Sykkylvsbrua i 2018, vil gi auka interesse.

Rammebetingelsane har endra seg mykje på 10 og 20 år. Mykje areal som vart lagt ut for 20 år sidan er mindre aktuell byggegrunn i dag. Endra kostnadsbilete og endra preferansar hos bustadkjøparar gir ein anna situasjon. Høge grunnlagsinvesteringar, store avstandar, brattheit og utfordringar med universell utforming er sentrale element. Høgare planleggings- og utbyggingskostnader saman med redusert marknadsinteresse gjer at utbyggarar er avventande til å starte planlegging av større felt.

Følgjande eldre byggeareal er tatt ut i ny plan:

Område År vedtatt	Areal (da)	Av dette dyrka	Grunnlag
Grebstadlia 1 2000	26		Bratt areal, 22-27 grader. Manglar infrastruktur. Høge utbyggingskostnader. Ikkje planar frå grunneigarane.
Grebstadlia 2 2000	30		Bratt areal, 22-27 grader. Manglar infrastruktur. Høge utbyggingskostnader. Ikkje planar frå grunneigarane.
Eidem 2000	50	18	Avhengig av G/S-veg langs Fv73 før utbygging. Deler er dyrka jord. 50 da vart foreslått tatt ut. Omfattar 18 da dyrkajord.
Helledalen 2000	27		Bratt (>30 grader i bakkant), areal mot elva innanfor aktsemdsområde for flaumfare. Kommunal grunn.
Blindheim 2010	20		Manglar infrastruktur. 4 km til skule. Ca 20 da av området vert foreslått tatt ut. Dette er delvis bratt areal. Kan eventuelt vurderast som framtidig utviding .
Sætre 1997	41		Ikkje infrastruktur. Ønske om bruk som beiteområde. Framleis kapasitet i regulert område like ved. Kommunal grunn.
Ikornnes 1997	5		Reduksjon av byggeareal mellom Fv71 og Jarnesvegen. Bratt areal. Støyutsett. Vanskeleg tilkomst.
Daveneset 1997	9	5	Grunneigarønske. Dyrka jord.
SUM ut	208	23	

Om lag 350 da vert vidareført frå gamal plan. Dette omfattar framleis areal som lite truleg vert realisert i dagens situasjon. Til dømes er det ein del større areal som er avhengig av kostnadskrevjande vegløyisingar og anna teknisk infrastruktur som vil verte meir aktuelle ved betring i marknadssituasjonen. Planen må ta omsyn til at det kan skje innanfor komande planperiode (12 år).

I tillegg inneheld byggeareal i ein kommuneplan mykje areal som går med til andre funksjonar enn bustad. I veileidar for fortetningsanalysar (AsplanViak) står det at «erfaringsmessig kan ca 50% av potensielt utbyggingsareal bebyggast. Resterande areal går med til infrastruktur, ulike fellsfunksjonar og anna.»

Følgjande vert tatt ut og vidareført jamfør tidlegare planar:

Eksisterande bustadareal (da)			
		Trekt ut 2018	Vidareført
Nytt i 2010	156	20	136
Nytt i 1997/2000	401	188	213
SUM	557	208	349

Omsetting av bustadar siste 10 åra viser nedgang, frå 90 i 2007 og 2008 til 60 i 2016. I kommunale felt var det pr. desember 2017 ledig 4 tomter i Vikedalen og 10 tomter i Helleskjerva. Utbygging av nye felt skjer i dag i privat regi.

Det er vanskeleg å vurdere kor mykje av behovet som er realistisk å dekke innanfor eksisterande byggeområde.

For ein del område er truleg terskelen for å gå i gang med full utbygging høg, sett i lys av dagens marknadssituasjon og kostnadsnivå.

Kommunen vurderer at inntil 100 da av dagens arealbehov bør dekkast innanfor allereie omdisponert areal.

Ein tek då utgangspunkt i om utbygging vil utløyse krav om offentlege investeringar i vegnett, teknisk infrastruktur, g/s-vegnett og anna, som ikkje vert løyst innanfor utbygginga.

Det er ei stor utfordring at det er minst restareal i dei områda der etterspurnaden er størst.

5.2.3 Behov for nytt bustadareal

Ut frå vurderingane i kap 5.1, 5.2 og 5.2.1. vil kommunen trenge om lag 100 da nytt byggeareal fram til 2030.

5.2.4 Tettstadutvikling

Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging legg opp til å utvikle kompakte tettstadar med korte avstandar mellom ulike gjeremål. Dette skal redusere arealforbruk og transportbehov og styrke grunnlaget for klima- og miljøvennlege transportformer (kollektivtransport, sykkel og gange). Retningslinjene peikar mellom anna på fortetting kring eksisterande sentrum og kollektivknutepunkt som viktige tiltak.

5.2.5 Næring

Arbeidsplassar er ein nøkkelfaktor for busetting. Sykkylven er eit nasjonalt tyngdepunkt innan møbelproduksjon, men har og viktig innslag av annan industri. Industrien er i stor grad eksportretta og utsett for internasjonale konjunktursvingingar. Næringsmessig er kommunen rekna som sårbar med høg bransjespesialisering og høg hjørnesteinsfaktor.

Kommunen er ein del av arbeidsmarknadsregionen kring Ålesund. Om lag 450 personar pendlar inn til kommunen, og 650 personar pendlar ut av kommunen. Utpendlinga har auka noko seinare år.

Kommunen har eit godt og variert handelstilbod. Utvida tilbod i Ålesund/Moa og betre kommunikasjon legg auka press på den lokale handelen.

Tyngda av næringsareal og næringsaktivitet i kommunen ligg innanfor planområdet.

Sykkylven næringsutvikling signaliserer at dagens næringsareal gir rom for framleis vekst. I planen frå 2010 ligg det større ledig næringsareal på Jarnes, Ekornesfabrikken vart sikra utvidingsareal mot sør, det er framleis ledig næringsareal på Vik og ved Hjellegjerdefabrikken er det utvidingsmoglegheiter mot Aursneset.

5.2.6 Teknisk infrastruktur

Lokalisering av nye byggeområder må ta omsyn til eksisterande infrastruktur for effektiv utnytting av tidlegare investeringar.

I prosessen må det drøftast kvar det er behov for å sikre areal og reserveareal for utviding eller etablering av teknisk og sosial infrastruktur. Dette omfattar skule, kyrkje, gang- og sykkelveggar, miljø, institusjonar mm.

5.2.7 Naust

Retningslinjer for eksisterande og eventuelle nye naustområder vert samordna med reglar vedtatt i kommuneplanen arealdelen (2013) og kommunedelplan for Straumgjerde (2017). Kommunen har

etter mekling akseptert ein generell maksimal nauststorleik på 50m2 BRA. Eventuelle behov for større naust må avklarast gjennom reguleringsplan.

Det er ikkje registrert behov for nye naustområde. I samband med reiselivssatsing er rorbuer aktuelt behov.

5.3 Samferdsel

Fylkesveg 60 er hovudfartsveg gjennom kommunen og i planområdet. Realisering av Storfjordsambandet er sentralt for å knyte kommunen tettare til kvardagsregionen. Dette omfattar tunnell Hole-Engeset (Stranda) og bru over Storfjorden som skal avløyse ferjesambandet Magerholm-Sykkylven.

Planen må ta omsyn til alternative løysingar og sikre ein arealbruk som ikkje stenger for realisering av Storfjordsambandet.

Planen må ta omsyn til mogleg framtidig endra trafikkmønster og trafikkauke, og moglege følgjer av dette (støy, tryggleik, gang/syssel). Det må vurderast funksjonelle gang- og sykkelveggar mot bustadområder, andre friområde, skular, mm.

Storfjordsambandet må sikrast moglegheiter til tunell-påhogg innanfor planområdet. Det ligg ikkje føre faglege utgreiingar frå Storfjordsambandet som gir eintydig svar på korleis tilkoblinga skal løysast. Ny plan må derfor vise alternative trasear som kan vere aktuelle, og sikre at desse vert haldne opne i påvente av framtidige utgreiingar.

5.4 Kulturminne

Planområdet omfattar kulturminner av ulik karakter, frå automatisk freda til lokalt verneverdige. Prosessen må avklare aktuelle sikringstiltak og nedfelle desse i plankart og føresegner. Sentralt grunnlag vil vere lokal kulturminneplan for Sykkylven kommune som skal utarbeidast i løpet av 2017/18. Som del av planarbeidet må kulturminne og-landskap inngå i ei samla vurdering av verneverdi i høve anna arealbruk.


5.5 Natur/friluftsliv

Planområdet omfattar attraktive nær-friluftsområder og tilkomst til mykje brukte tuområde utanfor planområdet. Her er fleire opparbeida badeplassar, tre statleg sikra friluftsområde, og god tilkomst til attraktive tuområde.

Ny plan må vurder ivaretaking og styrka friluftsaspekt, opp mot anna arealbruk, jamfør eit gjennomgåande fokus på folkehelse, trivsel og attraktivitet.

Naturområde og naturkvalitetar må vurderast ut frå eigenverdi (biologisk mangfald) og som kjelde til friluftsliv.

Som del av prosessen er det gjennomført kartlegging og verdisetting av friluftsområde, etter mal frå Miljødirektoratet. Prosjektleiar frå Sunnmøre friluftsråd har bidratt.



5.6 Landbruk

Siste 15 åra er tal aktive bruk redusert frå ca 130 til ca 70. I same perioden har produksjonsareal auka frå ca 110 til ca 160 da pr bruk. Utviklinga siste åra kan tyde på ei stabilisering. Produksjonsvolumet har i stor grad blitt oppretthalde eller berre opplevd ein mindre reduksjon i same periode. Mykje drift er basert på leigejord. Statleg politikk er eit strengt jordvern for å hindre nedbygging av dyrka og dyrkbar jord. Jordvern opp mot behov for byggeareal i sentrumsområda er ei sentral utfordring i planprosessen. Nasjonal politikk må leggjast til grunn, saman med behovet for å skape eit meir attraktivt tettstadsområde. Det er utarbeida ei eiga landbruksfagleg vurdering av nye byggeområde.

5.7 Sjøområde, strandsone og vassdrag

Strandsone er ein avgrensa ressurs med store ålmenne interesser i tettbygde strok. Mykje strandsone er disponert av næringsareal og eksisterande naustareal. Planområdet omfattar tyngda av utbygde areal i kommunen. Historisk er store delar av utbygginga lagt til strandsone. Mykje industriutbygging ligg til sjø. Ålmenn tilgang til strandsona er viktig for attraktivitet og god folkehelse. Verknad for sjøområda må vurderast av tiltak på land. Sikring av friluftsområder og strandsoner for ålmenn bruk må knytast opp til funksjonalitet og trygg tilkomst.

I planen er det sett ei byggegrense på 20 meter frå vassdrag til byggetiltak for å ivareta natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser langs vassdrag.

6 Utfordringar knytt til gjennomgåande perspektiv

6.1 God folkehelse

Gjennom målretta arealbruk skal ein sikre viktige kvalitetar med verknad for folkehelsa. Samanhengande gang- og sykkelvegnett, grøntstruktur med nærturområde, badeplassar og møteplassar er døme på aktuelle vurderingstema. Ny bustadutbygging bør lokaliserast med tanke på effektiv bruk av eksisterande infrastruktur, gode lokalklimatiske tilhøve og korte avstandar. Oversikt over folkehelsa er utarbeida (Jfr. Folkehelselova) som del av planprosessen.

6.2 Trygge lokalsamfunn

Risiko i planområdet er særleg knytt til rasfare, oppskyllingsfare og klimaendringar med auka nedbørsintensitet og flaumfare. Store delar av planområdet er kartlagt for rasfare (NVE 34-2015). Stormflo og flodbølgje frå Åknes-ras er også berekna. Innanfor Sykkylvsfjorden er stormflo dimensjonerande for byggetiltak i strandsona.

Særleg utfordring er knytt til risikotilhøve og etablering av retningslinjer tilpassa plannivået, der vi ikkje har gode data. I løpet av 2018 gjennomfører NVE kvikkleirekartlegging i størsteparten av planområdet (under marin grense). Resultatet vil truleg ikkje ligge føre tidsnok til bruk i denne rulleringa, men vil inngå som eit viktig grunnlag for vidare planlegging og byggesaker.

Sjå elles eige kapittel om Samfunnstryggleik for nærare om risikobiletet i planområdet.

6.3 Gode oppveksttilhøve

Planen skal etablere gode bustadområde der ein sikrar mjuke verdiar, tek omsyn til grøntverdiar, tilgang til friareal, naturområde mm.

Tilrettelegging for mjuke trafikantar, trygge skuleveggar og forbindelsar mellom bustadområde og kultur og idrettsområde er viktig.

Ei utfordring er å finne «rett» areal og lage føresegner som sikrar god oppfølging i regulering og byggesak.

Kartlegging og verdsetting av friluftsområder, og barnetrakk-kartlegging vil gi verdifull kunnskap knytt til gode oppveksttilhøve.

6.4 Tilgjenge for alle

Planen skal legge føringar for detaljplanlegging og byggesak. Gjennom arealbruk, føresegner og retningslinjer skal ein sikre oppfølging av sentrale lover og reglar, tilpassa plannivå, som sikrar universell utforming i reguleringsplanar og byggesaker.

I 2017 kartla kommunen tilgjengelegheit i sentrumsområdet og i offentlege bygg. Kartlegginga vert vidareført i 2018.

6.5 Klima og miljø

Konsekvens av enkelttiltak og samla verknad av plan for sentrale miljøtema skal synleggjerast i plan. Planen skal legge til rette for attraktivitet og vekst. Fortetting rundt knutepunkt, legge til rette for kollektivtransport, sykkel og gange er viktige vurderingstema i planprosessen.

Natur- og kulturverdiar, jordvern, støy, forureining mm må vurderast for alle nye byggeområde.

Klimaskapte risikofaktorar skal vurderast som del av ROS-analyse.

Over 70% av innbyggjarane i kommunen bur innanfor planområdet. Handelssenter, tenesteyting og svært mykje av næringslivet er lokalisert i området. Folketalsauken i kommunen sidan 2000 har i stor grad skjedd innanfor planområdet.

7 Om planforslaget

Planen består av:

- Planomtale (PO)
- Plankart
- Føresegner (FØ)
- Konsekvensutgreiing av innkomne forslag (KU).
- ROS-analyse

Plankartet utgjør saman med planføresegnene dei juridisk bindande dokumenta av kommunedelplanen. Til saman viser desse hovudtrekka i den framtidige arealdisponeringa og set rammer for nye reguleringsplanar og behandling av søknad om tiltak. Dokumenta skal gje forutsigbarheit for innbyggjarar, grunneigarar og utbyggjarar.

Planføresegnene er generelle og tematiske, knytt til arealformål og knytt til omsynssoner. Lovheimel er oppgitt for kvart punkt og refererer til plan- og bygningslova 2008 (PBL) der anna ikkje er oppgitt. Føresegner står i grå boks.

Retningslinjer er nytta for å utdjupe og gje tolkingsgrunnlag for innhald i føresegnene. Retningslinjene er ikkje sjølvstendig heimelsgrunnlag for vedtak, men kan vere av opplysende karakter og vere retningsgjevande som vurderingsgrunnlag for plan- og byggesaksbehandling. Retningslinjer står som vanleg tekst utanfor grå boks.

Plankartet viser noverande og framtidig arealbruk. At arealbruk er vist som noverande treng ikkje bety at arealet er tatt i bruk til vist arealføremål, men at vedtak om arealbruken er gjort før rullering av kommuneplanen ved vedtak av reguleringsplan eller godkjenning av tiltak utan plan.

7.1 Hovudgrep i planforslaget

Planforslaget samordnar regelverket med kommuneplanen, arealdelen frå 2013 og kommunedelplan for Straumgjerde (2017).

Byggeareal vurdert som lite eigna eller urealistisk å bygge ut er tatt ut av plan og ført tilbake til LNF.

Planen legg opp til fortetting og rasjonell utnytting av eksisterande infrastruktur. Nye byggeareal i konflikt med jordvern er lagt nær sentrum i tråd med Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for samordna bustad- areal- og transportplanlegging.

7.2 Utbyggingsområde

7.2.1 Bustad

Jamfør kap. 5.2 bør det leggst til rette for om lag 100 da nytt bustadareal i planen. Ein føreset då at inntil 100 da vert realisert innanfor eksisterande godkjent byggeareal.

Foreslåtte nye byggeområde er konsekvensutgreidd etter fast mal, samt gitt ei særleg landbruksfagleg vurdering (vedlegg1 til konsekvensutgreiinga).

Synkende folketal er den alvorlegaste trusselen for Sykkylven kommune i åra som kjem. Attraktive bustadområde er eitt verkemiddel for å motverke denne utviklinga. Kommunedelplanen har med følgjande nye bustadareal, jamfør vedtak Kst 16.12.2019:

			Godkjent areal	Ikkje avklara areal pga motsegn.
BU 2	Åsgarden	7/25		14 da
BU 3	Fauske	3/1, 20	10 da	
BU 6	Aursnes	1/2	3	
BU 7	Ullavika	14/428	5	
BU 9	Aursnes	1/1,64	7	
BU12	Jarneshaugen	43/1	13	
BU13	Grebstadlia	7/12	8	
BU14	Ikornnes	43/6	1	
BU17	Eidem	8/2 og 5	4	
BU21	Ikornnes	41/2	9	
BU22	Skogvegen	14/9 og 11	7	
SUM			67 da	

BU2 Åsgarden gbnr 7/25 – 14 da – er ikkje rettsgyldig. Kommunestyret heldt 16.12.2019 fast på byggeområdet, mot motsegn frå Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune. Uavklara motsegn vert avgjort av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Foreslått bustadområde på Haugset (40 da) er endra til SB1 - LNF-spreidd busetting, 17 da. Dette ut frå manglande samsvar med statlege planretningslinjer for samorda bustad,- areal- og transportplanlegging, dårleg skuleveg og vurdert moderat behov i området. Spreidd buseting vil gi ein meir fleksibel utbyggingssituasjon.

7.2.2 Fritidsbebyggelse

Planforslaget inneheld ingen nye naustområde. Tre områder ynskjer ein gjort om frå naust til rorbu. Det eine er utbygd naustområde (Stave), det andre er eit tidlegare godkjent naustområde (Blindheim), der ein no ynskjer rorbuer som del av næringsgrunnlaget på garden og eitt mindre areal i godkjent naustområde på Vik ved areal for ny småbåthavn. Ut frå arealbruk i forhold til strandsonevern og privatisering vert ikkje desse tiltaka vurdert som særleg konfliktfylte. Arealet på Blindheim har ei utfordring med tilkomst.

Planforslaget inneheld ikkje andre nye område for fritidsbebyggelse.

7.2.3 Sentrumsavgrensing

Kvadraturen" på Aure er basis for vidare utvikling av handels-, service- og tenestetilbod. Planmessig er sentrum styrka gjennom ny områdereuleringsplan frå 2014.

Regional delplan for attraktive byar og tettstadar (Møre og Romsdal fylkeskommune 2014) gir retningslinjer for sentrumsavgrensing med tanke på å utvikle gode lokale og regionale sentra. Sjå faktaboks til høgre.

Storleiken av senterområdet er tilpassa Sykkylven sin situasjon. Avgrensinga av Sykkylven sentrum viser kvar ein ynskjer etablering av detaljhandel og andre sentrumsfunksjonar i planperioden. Utforminga av senterområde tar i tillegg utgangspunkt i grønne lunger og aktivitetsområde i sentrum.

For å få eit aktivt og levande sentrum, er kombinasjonen av busetnad, handel, service, kultur og alternative møteplassar naudsynt. Det skaper eit innhaldsrikt og spennande sentrum.

Gangavstand innanfor kvadraturen er ca 300 m. Sentrumsona er definert noko vidare, med tanke på parkar og aktivitetsområde vurdert som ein naturleg del av eit attraktivt sentrum. Gangavstand innanfor sentrumssona er maksimalt 600 m. Utvida detaljhandeltilbod er ønskeleg plassert innanfor denne sona slik at nye etableringar kan styrke eksisterande ved å skape auka tilbod på konsentrert areal.

Sentrumsavgrensing er vist under.

6. Sentrumsavgrensing og sentrumsplanar

Den enkelte kommune har ansvar for å avgrense sentrumsareal i kommuneplan og reguleringsplan. Fylkeskommunen rår til at følgjande prinsipp vert lagt til grunn:

- For å gjere tettstadene konsentrerte, skal dagens mangfald og konsentrasjon av handels-, service- og kulturtilbod, parkar, torg og andre møteplassar, vere utgangspunkt for avgrensing av sentrum.
- Det regulerte sentrumsarealet bør ikkje vere større enn det området kommunen vil opparbeide med sentrumsmessig preg og kvalitet, eventuelt saman med andre aktørar i området.
- Det skal vere gangavstand mellom ytterpunkt. Retningsgivande maksimalavstand i dei tre største byane er 800 meter. I dei andre tettstadene bør avstanden vere høvesvis mindre.
- Tilgjenge for alle, særleg den delen av befolkninga som har låg mobilitet, må sikrast gjennom planløyningar som er utarbeidd i samarbeid med samferdselsstyresmaktene. Kravet til universell utforming gjeld kollektivtransport, parkering, gang- og sykkelveg, offentlege bygningar og anlegg og andre fysiske tiltak retta mot publikum.

I dei tre regionsentera skal utgangspunktet for sentrumsavgrensinga vere bysentrum og dei etablerte handelssentera, dvs. Ålesund sentrum og Moa, Molde sentrum og Lingedalen/Moldegård og Kristiansund sentrum og Løkkemyra. Kommunane kan sjølv, gjennom eigne planar, gå lenger i å fastsette kva for funksjonar dei ser det som føremålstenleg å lokalisere i bysentrum og i handelssentera.

Der det ikkje er fastsett ei eiga grense i kommuneplanen sin arealdel, skal dei areala som er sett av til sentrumsføremål, kjøpesenter og forretning tilknytt det tradisjonelle sentrumsområdet, leggjast til grunn som det definerte sentrum.



7.2.4 Offentleg og privat tenesteyting

Med utgangspunkt i dagens arealsituasjon for skule og barnehage, og forventa folketalsutvikling er det vurdert at areal til tenesteyting har tilfredsstillande kapasitet for planperioden.

Det er vedtatt bygging av ny barneskule i sentrum i Bakkeøyane. Ullavik, Vik og Aure skule skal leggst ned. Ny barneskule er i tidleg fase. Det vert ikkje tatt stilling til alternativ bruk av eksisterande skuleområde i denne prosessen, då skulane vil vere i drift i fleire år enno. Ved eventuell omdisponering av areala vil uteområda sin funksjon som leike- og aktivitetsområde fritidsbruk vere eit viktig element.

I planforslaget er heile arealet vist om tenesteyting. Gjennom ein pågåande planprosess for detaljregulering vert det

Tidlegare skuletomt på Ikornnes er under omregulering til bustadføremål. Utandørsfunksjon som leike- og aktivitetsområde er ivaretatt ved nye Jarnes skule.

7.2.5 Næring

I samråd med Sykkylven næringsutvikling, er det vurdert at gjeldande plan har nok reserve næringsareal for komande planperiode. Ledig industriareal er først og fremst lokalisert til Jarnesmarka.

Næringsareal mellom fylkesvegen og sjøen på Jarnes vert vurdert som ueigna som utbyggingsområde (bratt). Sjøtilgang er i dag i hovudsak stetta gjennom Ekornnes si eiga kai, samt ny allmenningskai på Aursneset. Det er ikkje vurdert som eit realistisk utbyggingsprosjekt i komande planperiode. SNU har ikkje innvendingar til å ta ut arealet. Arealet vert tatt ut av plan.

I Jarnesmarka er det lagt ut eit nytt, mindre areal (2 da), i tråd med faktisk bruk av området (NÆ4 i KU).

Innanfor dagens industriareal på Vik, Tynes og Ullavik er det også utvidingsmoglegheiter.

Handel er lokalisert innanfor sentrumsareala, samt eit areal vest for Sykkylven energi.

Eitt nytt næringsområde NÆ1 er avsett i sentrum, ved Klokkehaugen. Formål er hotell i samspel med offentleg møbelpark og Berlihuset. Etter første høyring er arealet redusert med 1 da.


Tre næringsområde (NÆ2, 3 og 5) er avsett til utleigehytter som skal vere enkle, naturnære konstruksjonar med minimalt fotavtrykk tilpassa terreng og natur.

7.3 Samferdsel

Planforslaget legg opp til fortetting av dagens utbyggingsmønster. Dette gir nærleik til kollektivtransport og høgare utnytting av eksisterande infrastruktur.

Det er lagt inn ny rundkøyring på Fv60 på Vik, for betre tilkomst til næringsareal langs begge sider av fylkesvegen.

Av internvegar er veg V4 i gjeldande plan, frå Nyborg til Grebstaddalen, tatt ut av planforslaget. Vegføringa var ei av sju ulike alternativ for tversgåande samband som var diskutert i samband med eit omfattande Tettstadprosjekt i 1994. Prioriterte vegføringar frå prosjektet viser i figuren under:



Sambindingsvegen frå Storgata til Haugsetvegen, realisert i 2019, vil gi eit trafikkbilde i tråd med styringsgruppa for Tettstadprosjektet si tilråding der kryssing av Aureelva på Aure gamle bru er eit sentralt element i sambindinga mellom Grebstaddalen, skuleområde og sentrum. Løysinga vil og avlaste trafikken på Fv60 i krysset ved småbåthavna.

Storfjordsambandet

Planområdet omfattar delar av Storfjordsambandet. Brusambandet er ikkje planlagt eller prosjektert i slik detalj at ein har sikre vegtrasear og lokalisering av tunellpåhogg på Sykkylvssida. Ulike alternativ har vore skissert frå Storfjordsambandet AS. Desse er vist som illustrasjonar i plankartet.

Det er langt opp og fram til realisering av sambandet, men svært viktig at moglege trasear vert halde opne. Fauske, Ullavika, Grebstadlia er alternativa som er vist i plan som mogleg framtidig trase. Løysingane kan truleg realiserast innanfor dagens LNF-område. Eit fjerde alternativ frå Andestad er vist i kommuneplan arealdelen frå 2014 og integrert i ny plan.

Ved å halde desse traseane opne sikrar ein ulike alternativ. Storfjordsambandet AS må på sikt avklare kva alternativ som er realistisk.

7.4 Grønnstruktur

Formål grønnstruktur blir brukt som samleformål der ein ikkje ser behov for å konkretisere bruken. Det er glidande overgang mellom LNF, uteopphaldsareal, og grønnstruktur.

Grønnstruktur i gjeldande plan er beholden. Dei store attraktive turområda og turmåla ligg i stor grad utanfor planområdet, jamfør gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Innanfor planområdet er sikring av tilkomst til utfartsområda viktig.

Offentleg parkering på Aursneset gir tilgang til Skagen/Rundsteinvika og til statleg sikra friområde på Aursneset. På Hjellane er det offentlig parkering for turområdet Vassetra/Sandvikhornet.

Det er lagt inn nytt parkeringsareal øvst i Helleskjerva for betre tilkomst til turområde rundt Sæssvatna/Stavekollen/Skopphornet.

Areal langs Aureelva og Vikeelva er vidareført som del av grønststruktur, dels på grunn av fiskeinteresser og dels på grunn av attraktivt turområde.

Strandlinja er over tid blitt fragmentert og nedbygt i store delar av planområdet. Eksisterande urørte strandsoner er beholdne som del av grønststruktur. Fleire badeplassar ligg innanfor desse områda. Haugbukta er opparbeida og tilrettelagt med grill, toalett mm.

Statleg sikra areal på Ausneset, Haugneset og Sætre er lagt ut som friområde.

7.5 Landbruks-, natur- og friluftformål

Planen legg vekt på å utnytte areal omdisponert i tidlegare planrulleringar for å dekke inn ein vesentleg del av framtidig behov.

Ein del eldre, unytta byggeområde er ført tilbake til LNF-område. Til saman er 267 da byggeareal tatt ut av plan og ført tilbake til LNF. Av dette er 23 da dyrka jord.

Område	Type areal	Areal (da)	Herav dyrka
Grebstadlia 1	Bustad	26	
Grebstadlia 2	Bustad	30	
Eidem	Bustad	50	18
Helledalen	Bustad	27	
Blindheim	Bustad	20	
Sætre	Bustad	41	
Ikornnes	Bustad	5	
Daveneset	Bustad	9	5
Jarnes	Industri	62	
SUM		267	23

Spreidd utbygging

Eit område på 17 da på Haugset er lagt ut til LNF-spreidd busetting (SB1), med rom for inntil 4 bustadar.

På Vik er 1,8 da lagt ut spreidd næring, føremål camping innanfor Landbruk+ ordninga. Arealet er ei utviding av tilsvarande areal i gjeldande plan nytta til campingplass.

7.6 Universell utforming

Prisnipp om universell utforming skal leggst til grunn ved all plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom.

7.7 Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planen legg opp til fortetting og høgare utnytting av tidlegare godkjente byggeområde. Utnytting av eksisterande infrastruktur og nærleik til sentrumsfunksjonar og kollektivpunkt er vektlagt.

7.8 Samfunnstryggleik

Utbyggingsareal er søkt lagt utanom risikoutsette områder. Der dette ikkje er råd på grunn av naturgjevne tilhøve er det gjennom føresegnene pkt 2.1.2 sett krav om nærare risikovurdering i samband med detaljregulering og byggesak.

Dette gjeld særleg tiltak som kjem under marin grense med auka risiko for ustabil grunn, og tiltak i område som er flaumustsett eller utsett frå oppskylling etter fjellskred i Åkneset.

For ustabil grunn viser rettleiar 7/2014 frå NVE til trinnvise vurderingar for auka presisjonsnivå ved avgrensing av aktsemdsområder. Grovaste avgrensing er marin grense. Vidare avgrensing (innskrenking) av aktsemdsområde kan vere til områder med marine avsetningar. Ytterlegare analysar kan skje ved terrengeanalyse, grunneundersøkingar osv.

I planområdet er marine avsetningar og marin grense svært nær samanfallande område. Enkelte innslag av elveavsetningar kan ha potensielle kvikkleireføyrekomstar under.

NVE gjennomfører i 2018 kvikkleirekartlegging i planområdet. Kartlegginga dekkjer stort sett alle bebygde areal og forslag til nye byggeområde under marin grense i planområdet. Resultatet vil truleg ikkje ligge føre innan vedtak av plan. Bättre kunnskapsgrunnlag vil forenkle reguleringsarbeid og byggesaker i vidareføring av kommunedelplanen.

Ettersom kartlegging er igangsett ser kommunen det som mest tenleg i denne planen å knyte eit generelt krav til grunnundersøkingar for byggeareal under marin grense. Ny kunnskap etter kartlegginga i 2018 må takast inn som vurderingsgrunnlag når den ligg føre.

Kommunen ser det som tenleg å knyte krav til nærare undersøking opp til detaljplanlegging . Omsynssone H310_2 er lagt inn i plankartet for areal under marin grense, med krav i føresegner om grunnundersøking ved detaljregulering/byggesak.

Tiltak i skredutsette områder må tilfredsstille krav i byggt teknisk forskrift.

Naust (tryggleiksklasse 1) har krav om minste kotehøgde på 2,4 moh. Bygging under må dokumentere byggt teknisk konstruksjon som kan tåle oppskylling.

7.9 Naturmangfald

Innanfor planområde er elvemusling i Aureelva registrert som ein art av særleg stor forvaltningsmessig interesse.

Vet er og registrert to førekomstar av Ålegras, ein i Ullavika - lokalt viktig (Naturtype ID BN00105412) og ein utanfor Sætre – viktig (Naturtype ID BN00105418) Førekomstane er avsett som omsynssone H560 –Naturmiljø.

Utløps-området til Andestadvatnet er registrert som viktig beiteområde for fugl.



Byggeområde i plan er ikkje i direkte eller indirekte konflikt med registreringane.

Innanfor planområdet finn ein elles ikkje ansvarsartar, trua eller prioriterte artar. Nye byggeområde er heller ikkje i konflikt med registrert artsobservasjonar, jamfør naturbasen/gislink/eigne BM-kartleggingar.

7.10 Folkehelse

Planen sikrar viktige friluftsområder og turvegar. Det er lagt inn gangvegar langs hovudvegnettet. Bustadbygging er søkt samla sentralt innan gang/sykkel-avstand til skule/barnehage/butikk og kollektivtrafikk.

Det er søkt å legge grunnlag for ein grøntstruktur som legg til rette for meir gang- og sykkelbruk .

7.11 Barn og unge

Ved utforming av planen er det tatt omsyn til barns interesser, jfr barnetrakk-kartlegging og samarbeid med skulane og ungdomsrådet.

Krav til uteareal, leikeplassar mm vert samordna med kommuneplanen frå 2013 og ny norm tilrådd av fylkesmannen (2017).

Sikring av viktige friluftsområde er vidareført og utvida frå gjeldande plan.

Trygg skuleveg er nytta som viktig kriterium ved vurdering av nye byggeområder.

7.12 Omsynssoner (PBL § 11-8)

I planforslaget er det lagt inn omsynssoner med tilhøyrande føresegner for følgjande tema:

H190 Omsynssone for mineralressursar (§ 11-8 pkt. a)
H210/220 Aktsemdssone støy (§ 11-8 pkt. a)
H310_1 Faresone ras- og skredfare (§ 11-8 pkt. a)
H310_2 Aktsemdsone for områdeskred (§ 11-8 pkt. a)
H310_3 Aktsemdsone snøskred og steinsprang (NGI) (§ 11-8 pkt. a)
H310_4 Aktsemdsone jord- og flaumskred (§ 11-8 pkt. a)
H310_5 Flodbølgeoppskylningssone (§ 11-8 pkt. a)
H320_1 Faresone flaum (§ 11-8 pkt. a)
H320_2 Aktsemdsone flaum (§ 11-8 pkt. a)
H320_3 Faresone stormflo
Mindre elver og bekker (som ikkje er dekt av H320_1 og H320_2)
H370 Faresone høgspentanlegg
H390 Aktsemdssone storulukke
H530 Friluftsliv (§ 11-8 pkt. c)
H560 Naturmiljø (§ 11-8 pkt. c)
H570 Kulturmiljø
H590 Råstoffressursar
H730 Automatisk freda kulturminne
H740 Bandlegging etter anna lovverk
H910_1-114 Område kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (§ 11-8 pkt. f)

7.13 Arealrekneskap

Nye bustadområder i plan:

Nr	Område	G/bnr	Areal da
BU 3	Fauske	3/1, 20	10
BU 6	Aursnes	1/2	3
BU 7	Ullavika	14/428	5
BU 9	Aursnes	1/1,	6
BU12	Jarneshaugen	43/1	13
BU13	Grebstadlia	7/12	8
BU14	Ikornnes	43/6	1
BU17	Eidem	8/2 og 5	4
BU21	Ikornnes	41/2	9
BU22	Skogvegen	14/9, 11	7
SUM	Bustadareal		66
BU 2	Åsgarden	7/25	14

Arealføremål, nytt i plan	Areal da
Bustad	66
Tenesteyting	0
Naust	1,5
Rorbu	3,5
Næring	42
Samla nytt byggeareal	113
LNF Spreidd busetting Inntil 4 bustadar i planperioden	17

BU 2 er areal med uavklara motsegn pr vedtaksdato. Planføremålet er derfor ikkje juridisk bindande.

Areal tilbakeført til LNF

Tidlegare arealbruk	Nytt arealbruk	Areal da
Bustad	LNF	208
Næring	LNF	62

8 Samfunnstryggleik


Grovanalyse risiko og sårbarheit Sykkylven kommune

Data er henta frå rapporten *Risiko og sårbarheit (ROS) - Grovanalyse for Sykkylven kommune (2017)*. I samband med ROS-analysen er det utarbeida temakart for verksemdsrisiko, naturrisiko, sårbare objekt og beredskapstiltak. Karta vart utarbeida i 2009, og er ikkje oppdatert årleg. Situasjonen er i stor grad dekkande for 2018. Avvik og endringar er kommentert under kvart tema. Støyvarselkart er basert på nyaste data frå Statens vegvesen (oppdatert 2018).

8.1 Verksemdsrisiko

Verksemdsrisiko kartlegg verksemdar som kan innebære ein høgare risiko for at farlege situasjonar kan oppstå. I Sykkylven gjeld dette til dømes drivstofflager, kjemikalielager og gasstankar i industribedrifter.

Kartutsnitt over planområdet er frå ROS-karlegging i 2009. Endringar er kommentert under.



Innanfor planområdet er det registrert tre bensinstasjonar (1 Ikornnes, 2 Aure). Stasjonen rett sør for sentrum er avvikla. Anlegga er registrert og blir handtert gjennom kommunen sin delplan mot akutt forureining.

To bedrifter, Ekornes og Sandella, er omfatta av storulukkeforskrifta. Risiko er knytt til kjemikalielager (isocyanat) og handtering i samband med skumplastproduksjon. Bedriftene har eit omfattande beredskaps- og HMS system, og arbeider i tråd med storulukkeforskrifta.

Det er registrert fire grunnforureiningar i planområdet, ein med påvirkningsgrad 3. Denne ligg på Ekornes og er sikra mot utvasking og godkjent av Fylkesmannen som byggeareal. På Aursneset er ei eldre fylling (grad 2) lokalisert innanfor industriområdet. Tidlegare avfallsdeponi på Haugset (grad 2) er sikra og avrenning vert reinsa gjennom sedimenteringsdammar før utslepp i Aureelva. Anlegget er under kontinuerleg overvaking.

Sykkylven Energi (utførande VA-ansvarleg i Sykkylven) arbeider systematisk med sanering av kloakkutslepp. Det er no etablert silanleg på Jarnes, Vik og Ullavik. I 2018 startar ein opp sanering av gjenståande utslepp frå sentrum.


8.2 Naturrisiko

Naturrisiko omfattar ulike naturtilhøve som kan innebere risiko for skader på liv og materielle verdiar. I Sykkylven er det særleg rasfare og flodbølgeoppskylling sentrale risikomoment. I samaband med klimaendringar og endra nedbørsmønster er flaum og eit særleg risikomoment for delar av planområdet.

Store delar av planområdet ligg under marin grense og kan vere potensielt ustabil byggegrunn.

8.3 Ustabil grunn

Fare for ustabil grunn er særleg knytt til marine avsetningar og fare for kvikkleire. Store delar av planområdet ligg under marin grense (blå stipla linje i kartutsnitt)



NGU sitt lausmassekart syner at grunnen hovudsakleg består av marine avsetningar. Det er og sannsynleg å finne marine avsetningar under elveavsetningane. Førekomst av kvikkleire kan ikkje utelukkast i desse områda.

I planområdet er marine avsetningar og marin grense svært nær samanfallande område. Enkelte innslag av elveavsetningar kan ha potensielle kvikkleireførekomstar under.

Sykkylven kommune var med i NVE sitt program for kartlegging av kvikkleireførekomstar. Feltarbeid vert gjennomført i 2018. Resultat vart publisert i 2019. Kartlegginga avgrensar aktsomdområde for kvikkleireskred innanfor planområdet, jfr kart under.




Fig. Kartleggingsområde kvikkleire, NVE

8.4 Stormflo

Det er utarbeida ein rapport ved Nansensenteret/Bjerknessenteret og Kartverket i høve havnivå og havnivåstigning: «Sea Level Change for Norway: Past and Present Observations and Projections to 2100». Med utgangspunkt i denne har Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) utarbeida rettleiaren «Havnivåstigning og stormflo» i 2016.

Ut frå dette grunnlaget er fare for stormflo vurdert til følgjande i ulike sikkerhetsklassar:

Sikkerhetsklasse 1	2,4 m
Sikkerhetsklasse 2	2,6 m
Sikkerhetsklasse 3	2,7 m

Berekningane omfattar ikkje lokale vind- og bølgetilhøve. Berekning av lokale vind- og bølgetilhøve skal vurderast ut frå kunnskap om lokale vind- og bølgetilhøve. Det eksisterer ikkje nokon mal eller normer for dette, noko som gjer vurderinga vanskeleg.

NVE si kartlegging av vind opererer med ei oppløysing på 1x1 km, og er ikkje detaljert nok til å gi kunnskap som kan nyttast i denne problemstillinga.

Ut frå erfaringar frå tidlegare stormsituasjonar med vindskade er det pålandsvind (sørvest-nordvest) som er mest skadegjerande i. Fjordbassenget i planområdet er ope mot Storfjorden. I stormsituasjonar kan vinden genererer store bølgeskader, og gi bygningsskade på tak og liknande. Ut frå dette vurderer kommunen at lokale vindtilhøve vil krevje ytterlegare sikkerhetsmarginar innafor planområdet.

Kartverket har utarbeida eit datasett som viser stormflo med gjentaksintervall på 20, 200 og 1000 år, berekna og korrigert for havnivåstigning og landheving. Datasettet er tilpassa dei krav til blant anna byggesak som ligg i byggt teknisk forskrift (TEK17). På plankartet vises 1000 års sona (tryggleiksklasse 3) frå dette datasettet.

8.5 Skredfare


NGU kartla skredfare i planområdet i 2015. Resultata ligg føre i NVE rapport 34-2015

Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune. Skredutsette soner er avsett som omsynssone i plan.

8.6 Flodbølgeoppskylling

I samband med flodbølgeoppskylling er det gjort nye berekningar etter 2009. Blå linje i kartet under syner nyaste data frå NVE.

I beredskapssamanheng er det fastsett ei høgare evakueringssone i ein flodbølgesituasjon. Denne er ikkje vist i kartet.



Kjelde: NVE Rapport 34 2015 Skredfarekartlegging i Sykkylven kommune

8.7 Flaumfare

I samband med klimaendringar er det forventet hyppigare og kraftigare nedbør i åra som kjem. For vårt distrikt er det til dømes berekna 21-30% høgare risiko for at ein såkalla 200-års flaum opptrer (Rapporten Klima i Norge 2100)


NVE har berekna aktsemdsoner for flaumfare. Innanfor desse sonene skal det gjerast nærare vurderingar i samband med detaljplanlegging og byggetiltak. Mot sjø er tal for stormflo med havnivåstigning nyttar for å avgrense flaumfare i staden for NVE sitt aktsemdskart.

Kartet under viser berkena aktsemdssone for planområdet.



Kjelde: NVE kartinsyn

For Aureelva ligg det føre flaumsonekartlegging frå 2009. Ut frå nye berekningar i 2018 har NVE rådd til at potensielle flaumnivå vert auka med 20%. Figuren under syner nye soner for 200-års flaum.



For Fauskeelva er det gjort to faresonekartleggingar i 2018 som viser 200 års flaum med 20% klimapåslag. Desse faresonene er vist i plankartet.


8.8 Sårbare objekt

Sårbare objekt i planområdet er skule - 4 barneskular, ungdomsskule og vidaregåande skule, barnehagar (Ullavik, Krikane, Ikornnes, Vik, Vikedalen) og omsorgsinstitusjon og omsorgsbustadar (Haugneset/sentrum).

Nedslagsfelt for drikkevatn inngår ikkje i planområdet. Sykkylven vassverk på austsida av Sykkylvsfjorden er knytt saman med Sætre og Jarnes vassverk i 2017.

Kartutsnittet under er frå registreringa i 2009. Situasjonen er i hovudsak lik i dag. Følgjande endringar har skjedd:


- Høgspenlinja er flytta ut av planområdet
- Ny brannstasjon vart opna i 2018. Stasjonen ligg ved Sykkylven storhall/Sykkylven energi.



8.9 Beredskapstiltak

Kartlegginga syner viktige element med tanke på god beredskapssituasjon i planområdet. Kartleggingstema er mellom anna tilgang på sløkkevatn og vassforsyning avhengig av elektrisk pumpe.

Kartutsnittet under er frå registreringa i 2009. Situasjonen er ikkje endra fram til i dag.



8.10 Støy

Statens vegvesen har utarbeida støyvarselkart langs fylkesvegane. Nye data er produsert i 2018. På kart er det vist gjennomsnittleg støynivå 4 meter over bakken i to nivå. Raud sone viser nivå > 65 dB, gul sone viser > 55 dB. Sonene går fram av figuren under.



Bakgrunnsstøy skal halde seg innanfor krav i teknisk forskrift TEK 17, det vil seie ikkje overstige 55dB for nye områder.

Nye tiltak innanfor gul sone må dokumentere støydempende tiltak for å tilfredsstille krava i teknisk forskrift. I planområdet gjeld dette byggeareal langs Fv60.